

Referat frå FAU-møte , 8. november -16

Til stade: Miriam, Ida, Tomas, Ørjan, Eirene og Anne

1. Kinokvelden på Kløve

100 store og små var med på kinokveld. FAU synes det var ein aktivitet som var lett å organisere, og seier seg nøgd med tiltaket.

2. Kortsalet

Me har tent 12 900 kr på kortsalet. Dette er eit par tusen meir enn ein har tent på loddbøker tidlegare år. Det er 5 kortpakker som ikkje er seld (tilsvarer 1000 kr). Me spør om 7. kl vil tilby gjestene på Matstova å kjøpe desse, viss dei ynskjer. Saldo på konto etter kortsalet er 52 000 kr.

3. Ynskjeliste frå elevrådet

Elevrådet har kome med ei lang ynskjeliste. Med utgangspunkt i denne, har FAU lyst å sponse skulen med 6000 kr til kjøp av "edderkoppdisse" (men vil sjekke ut pris på offentlig godkjent disse fyrst). Vidare gjev me 4000 kr til kjøp av baller, hoppetau, fargekritt og møbler til leikehytte. FAU vil høyre på facebookside til Myking skule, om nokon har små møbler til leikehytte som dei vil gje vekk (liten komfyr, lite bord m/ stoler el.). Pengane ein evt sparer på dette, vil gå til anna utstyr elevane har ynskt seg.

4. Foredragskveld

Me samarbeider med FAU på Skodvin om å arrangere felles foredragskveld i mars. Skodvin har ikkje eigna lokale til dette, og ynskjer at me har dette arrangementet på Myking skule. Skodvin vil bestille foredragshaldar frå "Barnevakten". Dei ynskjer temaet "Smart på mobil og nett", om nettbruk og nettvett. FAU Myking tenkjer dette er eit interessant og viktig tema (, men at andre tema som Barnevakten har, også kunne vore aktuelle).

Me foreslår til Skodvin å ha arrangementet 9. eller 23. mars. Skulle me ha bedt Kløve med også?

5. Karneval

FAU arrangerer karneval på skulen fredag 10. februar

6. Aktivitetsdag

FAU pleier å spandere ein aktivitetsdag på elevane ein gong i la skuleåret. Me tenkjer at dei skal få velje mellom desse tre alternativa: Skøytedag i

Bergenshallen, bowling/bading i Modalen og skidag i Dyrkolbotn (viss snø). Miriam sjekkar kva tilbod dei har i Modalen, og kva dette kostar før me bestemmer oss for om dette skal vera eit av alternativa.

I tillegg til aktivitetdagen, ynskjer FAU at skulen framleis nyttar finvêret når det melder seg, og tek elevane med på isen eller på ski, slik dei har vore flinke til tidlegare år.

7. Vintersportsutstyrs-loppemarknad ☺

Søndag 20. november frå kl 16 til kl 17, arrangerer me ein enkel loppemarknad, der ein kan selje og/eller kjøpe brukt skiutstyr, skisko, staver, akebrett ol. Alle tar med det dei ikkje har bruk for lengre, så kan det komme til nytte og glede for andre. Me høyrer med 7. klasse, om dei vil selje vafflar, kaffi og gløgg (inntekt til klassekassen).

8. Skuleruta 2016/-17

Merknad: FAU tenkjer det er vanskeleg for mange foreldre at skulen har halv dag siste dagen før juleferien og siste dagen før sumarferien, i tillegg til at det ikkje går skulebuss heim. Elevane får fri desse halve dagane som kompensasjon for kveldsarrangement dei har deltatt på. Desse arrangementa er ikkje obligatoriske, og elevane kan soleis ikkje forvente å få kompensasjon for desse. FAU vil difor oppmode skulen om å ha eit opplegg for elevane fram til skulebussen går halv tre.

Referent

Anne Solberg Eikemo